

Om praksisperioden hos oss

Vårt mål som praksisskule, er å lære dykk å bli lærarar, samt å gje dykk ein praksis som er variert, vurdert og rettleia her hos oss. I følge rammeplanen for lærarutdanning, skal praksisplanen, i tillegg til den ordinære undervisninga, omfatta andre aktivitetar som er i regi av grunnskulen, som angår elevane og som til vanlig angår lærarane.

Det er vårt ansvar, saman med deg sjølv og læringsinstitusjonen din, å sørge for at praksisperioden din vert vurdert, rettleia og vurdert. Me vil og i samarbeid med deg, fokusera på dei tverrfaglege tema; *Grunnleggjande dupleiker, vurdering og tilpassa opplæring*, i alle fag.

Me har laga dette skjemaet som ei rettleiing til deg, der du kan sjå korleis me skal inkludera dei ulike punkta (med fleire) i din praksisperiode, og kva hovudtema som kjem kva tid i praksisperioden.

Første praksisperiode med hovudtema: *lærarrolla, lærararbeidet og det didaktiske møtet mellom elev, lærar og innhald.*

Innhald/tema	Kva får du ut av dette?	Korleis skal me vurdere og rettleia deg?	Rettleiar
Utvikling av eigen læraridentitet Lærarrolla Forventningar til deg sjølv og til praksislæraren Didaktisk møte mellom elev, lærar og innhald	Studentane skal få kunnskap om læraren si rolle og skal reflektera rundt eigne forventningar til eiga rolle. Studentane skal utvikla kompetanse som gjer at dei kan vurdere eigen og andre sin praksis med referanse til teori og forskning. Studentane skal utvikla kompetanse som gjer at dei kan handtera ulike typar tilbakemeldingar frå rettleiar.	Aktiv observasjon og rettleiing. Delta i ulike grupper og med ulike lærarar.	Praksislærar Praksisskulelærar
Lærararbeid i møte med elevar på 8.-10. trinn Lærarrolla Tilpassa opplæring	Studentane skal få kunnskap om læring og læreprosessar. Studentane skal utvikla ferdigheiter som gjer at dei kan	Aktiv observasjon og rettleiing. Delta i ulike grupper og med ulike lærarar.	Praksislærar

	bruka ulike arbeidsmåtar og læremiddel som er tilpassa undervisning på 8.-10. trinn.		
Læringsleiing i møte med elevar; leiing av læringsarbeidet, reglar og rutinar Didaktisk møte mellom elev, lærar og innhald	Studentane skal få kunnskap om ulike observasjonsmetodar. Studentane skal få ferdigheiter som gjer at dei kan observera og leia elevar sitt læringsarbeid. Studentane skal få kompetanse som gjer at dei kan diskutera undervisning og læring, fag og elevar i lys av profesjonelle og yrkesetiske perspektiv.	Aktiv observasjon og rettleiing. Delta i ulike grupper og med ulike lærarar. Samtale med rektor der tema mellom anna er klasseleiing.	Praksislærar Rektor Praksisskulelærar
Planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning Didaktisk møte mellom elev, lærar og innhald Tilpassa opplæring og danning	Studentane skal utvikla ferdigheiter som gjer at dei saman med andre kan planleggja, gjennomføra og vurdere undervisning.	Aktiv observasjon og rettleiing . Delta i ulike grupper og med ulike lærarar. Planlegging saman med praksislærar og medstudentar.	Praksislærar Praksisskulelærar
Læringsretta vurdering Tilpassa opplæring Vurdering	Studentane skal utvikla ferdigheitar som gjer at dei kan bruka vurdering som del av læringsarbeidet, samt ferdigheiter som gjer at dei kan leggja til rette for elevane si eigenvurdering. Dei skal og få kunnskap om ulike vurderingsformer.	Rettleiing med fokus på læringsutbytte for elevar og studentar. Fokus på Vurdering for læring .	Praksislærar Praksisskulelærar
Kartleggingsverktøy Tilpassa opplæring Vurdering	Studentane skal få kunnskap om aktuelle kartleggingsverktøy, samt utvikla ferdigheitar som gjer	Bli kjent med og få prøvd nokre kartleggingsverktøy som er i bruk på BUS,	Praksislærar Spes.ped.lærar

	at dei kan bruka desse.	deriblant SOL og Myhre-testen (matematikk)	
Grunnleggjande dupleiker som grunnlag for læring Tilpassa opplæring Didaktisk møte mellom elev, lærar og innhald	Studentane skal få kunnskap om grunnleggjande ferdigheitar som grunnlag for læring. Dei skal utvikla ferdigheitar som gjer at dei kan leggja til rette for utvikling av elevane sine grunnleggjande ferdigheitar.	Rettleiing med fokus på ei undervisning som vektlegg å kunna uttrykka seg skriftleg, kunna uttrykka seg munnleg, kunna lesa, kunna rekna og å kunna bruka digitale ferdigheitar.	Praksislærar Praksisskulelærar